



Medlemmene i HUBB avbildet etter den flotte konserten i Storebø kyrkje. Bjørn Naterstad, nr.3 f.h. på bakerste rekkje og Vegard Døssland til venstre på 3. rekkje.

Sist helg var nærare 40 skulekorpsmusikantar frå heile Hordaland samla til ei aktiv helg på Kolbeinsvik i Austevoll. Det var Hordaland Ungdoms Brassband (HUBB) som hadde si andre samling for sesongen. Mellom dei unge musikantane var og to uskedelingar, - Bjørn Naterstad(trombone) og Vegard Døssland(kornett).

Den velkjende og dugande dirigenten Michael Antrobus var leigt inn som gjestedirigent under samlinga. Under hans leiing hadde dei tett med øvingsøker frå fredag til søndag. At han hadde hatt ei heldig hand om korpset, vart bevist under avslutningskonserten søndag ettermiddag. Den var lagt til Storebø kyrkje. Det var ikkje berre gjennom kvaliteten på arbeidet Michael Antrobus sette sitt preg på konserten. Ein del av nummera var og arrangert og komponert av denne engelske brassbandveteranen som no er busett i Oslo.

Programmet hadde svært høg vanskegrad, og sjølv om alt stoffet var nytt til denne samlinga, bestod ungdommane "eksamen" med glans. Det var ei fantastisk flott musikkstund den snau timen konserten varte. Det er verkeleg imponertande kva desse ungdommane får utretta under kyndig leiing i løpet av ei helg. Også dirigenten var storleg fornøgd, og han gav tydeleg uttrykk for at han håpa å få vera gjest hos HUBB også på seinare samlingar.

Vi er alltid imponert etter avslutningskonsertane til HUBB. Det er vanskeleg å samanlikna ulike konsertar. Likevel sat vi denne gangen med kjensla av at dette kanskje var den aller beste konserten vi har høyrte frå dei.

Også sosialt var helga ein fulltreffar. Leiarane for korpset Ole Johan Aarlie og Kjersti Pisani legg ein kjempejobb for dette korpset.

Neste samling i HUBB er på Tysnes i månedsskiftet februar/mars. Då er det mogeleg for musikkinteresserte kvinnheringar å bruka søndagsettermiddagen til ei konsertoppleving saman med desse flinke ungdommane.

Av: Thor Inge Døssland



[Frå opningsnummeret på konserten](#)